



ER DU VÅR NYE UNGDOMS- ARBEIDAR?

**VOLDA FRIKYRKJE SØKER
UNGDOMSARBEIDAR I OM LAG
20 % STILLING**

Den Evangelisk Lutherske Frikirke (Frikyrkja) vart grunnlagt i 1877 og er eit kyrkjefamfunn med omlag 21 500 medlemmer fordelt på 79 kyrkjelydar over heile landet. Volda Frikyrkje er ein relativt ung kyrkjelyd stifta i 1991 og har omlag 130 medlemmar i alle aldrar. Vi bygde ny og flott kyrkjesal i 2011 med plass til godt over 200 personar. Kyrkjelyden er velsigna med mange frivillige som bidreg til eit høgt aktivitetsnivå mellom anna innan barne- og ungdomsarbeid og på gudstenestene.

Volda er ei triveleg studiebygd med eit rikt kulturliv, omkransa av flott natur og høge fjell.

VI ER EIN KYRKJELYD MED:

- Mange ungdommar som søker til kyrkja på ungdomsklubb på fredagskveldane
- Engasjerte frivillige leiarar som trufast stiller opp år etter år
- Konfirmantarbeid i samarbeid med 3 andre kyrkjelydar
- Eit unge-vaksne arbeid som har eksistert i fleire år, men som treng ein restart

VI SØKJER ETTER DEG SOM:

- Er kontaktskapande og trivast med å vere saman med ungdommar og unge vaksne
- Har gode relasjonsbyggjande eigenskapar og samarbeidsevner
- Tar initiativ og er kreativ og inkluderande
- Kan jobbe sjølvstendig og vere ein del av eit team
- Evner å skape tillit i møte med ungdommar og unge vaksne

PRIMÆRE ARBEIDSOPPGÅVER

- Vere med å leie ungdom og det unge-vaksne arbeidet
- Delta i konfirmantundervisning og anna konfirmantopplegg
- Motivere og oppmuntre frivillige leiarar

Personleg eignaheit vil bli tillagt stor vekt. Erfaring frå ungdomsarbeid er ynskjeleg. Ein må pårekne arbeid på kveld og helg.

Om du ynskjer meir informasjon om stillinga, ta kontakt med leiar i eldsterådet, Kjell Petter Wiik på 90 177 297 eller voldafrikyrkje@gmail.com

Løn, pensjonsordning og arbeidsvilkår ihht. Frikyrkja sine lønsavtaler.

Søknad med CV kan sendast til voldafrikyrkje@gmail.com. Søknadsfrist 1. august